Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. nr. 6

Herad: Bjerkreim

Emne: Folkeleg musikkinstrument

Bygdelag:

Oppskr. av: Jörgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn:~~ (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Folkeleg Musikkinstrument

1. Me tur dei laga seg langlur, men det er lenge sidan. Å blåsa i bukkehorn er meir kjend (luhodn).

3. Ei rangla kallar me ei skratla eller skramla. Før hadde dei ei skratla til jaga geiter med. Det var eit lite tagget trehjul med nokre flate treflisar som röpte over taggane når dei sveivde ho rundt. Nöye koss ho var laga, kan eg ikkje no få greie på. Andre hadde boksar med småstein i dei rista på. Desse heitte ei skramla.

4. Me kjenner til mange måtar å få fram små smellar: Smella eit blad i handa, setja eit blad for munnen og suga inn til bladet smell sund, smella sund posar med luft, smella sund „fjödleblom" (= blåklokka). Nötaskal smell i elden. Legg me ei fyrstikka oppå ein stein og banka oppå „svovelet" (= fenghetta) smell det ein kvass smell. Sume grev „svovelet" av fyrstikker

7115

og hev oppi ein hól lykel, set ein spikar inni,



hengjer lykelen i eit band og
svingar han mot ein stein så
spikaren slær til svovelet inni
han. Då small det. – Alt dette
er berre barneleik.

Når skrubben kom til gjætarborna, tok dei treskorne og „klakkte" dei i hop og skræmde skrubben bort. I eldre tid skaut dei når eit brudefylgje for gjennom garden til ~~u~~ æra for bruda. Men hestane vart så skræmde av dette at det tidt hende ulukker.

Når julagrauten var kokt, skaut dei inn ty jul. No skyt me inn nyttår. Me brukar vanleg børsa. Me veit kje om at det knyter seg noko truer til desse smellingane.

5. Heller ikkje veit me om nokon lydar som skulle jaga bort vonde ånder og slikt. Men me kjenner godt til at folk høyrde „feigdarsmellar". Det var varsel om at <u>ein</u> skulle døy. Då small det kvast i veggen.

7115

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING